



#1 Folk fyrst med feitare fortau

Med feite fortau får dei som går romslege forhold med passe avstand til dei som køyrer. Feitare fortau gjev lågare fart, og det er like bra for trivsel og tryggleik som det er for næringslivet.

Noko av det finaste med å gå til fots på eit fortau er at ein kan tenkje på heilt andre ting enn trafikk. Dette fortausprivilegiet er verd å verne om.

Folk med nedsett funksjonsevne har særleg god bruk for grensa mellom trygt areal og areal der ein må vere merksam

på andre trafikantar. Difor gjev det mening å prioritere romslege fortau framfor å late alle trafikantane dele plassen i smale sentrumsgater.

Ei opprusting av gater som gjev smalare køyrebane og feitare fortau på ei eller begge sider gjev fordelar som minner om gågate, men utan dei same ulempene.

Feite fortausgater gjev den beste plassen til gåande, men går òg greitt å kombinere med anna aktivitet og andre omsyn.

Fordelane med feite fortau er at dei

- er lettare å orientere seg i enn gågater, lettare å følgje for blinde og svaksynte
- gjev betre tilhøve for rullestol
- dempar farten i køyrebana
- kan kombinerast med einvegsregulering
- gjev betre tilhøve for sykling i køyrebana
- gjev større rom for møblering

Ver merksam på at

- regulering ofte vert naudsynt
- prosjektering tek tid
- dei som driv næring må få medverke
- varelevering tek plass
- nye fortau kan verte dyrt



SYKLISTFORENINGEN
Syklistenes Landsforening